



Brannen i Skårhaug 6. november var avslørande for beredskapen, meiner velforeninga. (Foto: Ola Matti Mathisen).

**Eit svar som brannsjef Grete Nesheim i kommunen har sendt fungerande formann Jan Henrik Hansen i Skårhaug Vel karakteriserar han som "korkje fugl eller fisk".**

Etter husbrannen 6. november bad han om at det vert lagt til rette for uttak av brannslangar ein plass i området, til dømes i det nye byggefeltet i øvre del. Han viste til at det til tider under brannen nesten var stor mangel på vatn i slangane. Dei vart lagt over riksvegen frå brannpumpar med vatn frå elva og trafikken kjørte over slangane slik at slangar sprakk.

Hansen meiner at brannen truleg ville fått eit anna utfall med uttak i Skårhaug.

Brannsjefen peikar for sin del på at det ikkje er direkte krav til brannhydrant/brannkum i dette området. Ho viser til at det ikkje er så langt til elv eller brannkum.

Sjølvsagt er det ein fordel med uttak nærare, men dette ynskje må dykk ta opp med det private vassverket i Uskedalen, skriv Nesheim.

Når det så gjeld utfallet av brannen er ho ueinig med Hansen i at skaden kunne ha vore mykje mindre dersom det hadde vore brannvatn i nærleiken.

Til det siste seier velformannen at det er uttak ved Grana og han undrar seg over at dette ikkje i det minste vart nytta som ein start etter at brannmannskapa kom til staden.

- Ellers må eg seia som ein reaksjon på brevet frå brannsjefen at ho fråskriv seg ansvar på vegne av kommunen. Ho seier i grunnen at vi må syta for dette sjølv – i samråd med vassverket, er Hansens kommentar.

Når det gjeld forsyninga frå elva viser han til dei problem som oppsto på grunn av trafikken på riksvegen. På begge sider av slangane vart det lagt nokre plankebitar og det var ein problematisk operasjon å leie trafikken over samtidig som det gjekk ut over slangane. Her vanta det nokre solidare klossar som kunne letta passeringa.

Av Ola Matti Mathisen